



Vekselbanken

Ein god medspelar



DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2024

Voss, 11. februar 2025
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2024

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 120,1 mill. kr. Dette er ein auke på 14,6 mill. kr i høve til same periode i 2023. Resultat av ordinær drift før skatt er 118,0 mill. kr mot 101,1 mill. kr i 2023. Resultat etter skatt er 90,8 mill. kr mot 77,7 mill. kr i 2023.

Totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2024 er 87,7 mill. kr mot 84,6 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 12,3 % pr. utgangen av 4. kvartal i år mot 11,3 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggjande drift, utlånsvekst, kostnadskontroll og vekst i andre inntekter.

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 4. kvartal er bokført til 138,7 mill. kr. Dette er ein auke på 5,7 mill. kr frå same periode i 2023. Dette skuldast volumvekst. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 2,18 % (2,20 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 53,0 mill. kr. Dette er ein auke på 10,4 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 3,0 mill. kr i høve til 2023. Utbytte aukar med 1,4 mill. kr, og netto verdiendring på finansielle instrument aukar med 4,1 mill. kr. Andre inntekter aukar med 1,8 mill. kr i høve til 2023.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 71,7 mill. kr mot 70,2 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 4,4 mill. kr i høve til 2023, medan andre driftskostnader er redusert med 2,7 mill. kr. Avskrivningane er redusert med 0,1 mill. kr.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 2,0 mill. kr mot ei kostnadsføring på 4,4 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2, 3 og 5.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med vedvarande høg inflasjon og rentenivå, og auka makroøkonomisk usikkerheit på 7,8 mill. kr. i 4. kvartal 2024.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 4. kvartal er 7.316 mill. kr. Dette er ein auke på 446 mill. kr (+6,5 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 6.491 mill. kr. ved utgangen av 4. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 4.644 mill. kr. Dette er ein auke på 253 mill. kr (+5,8 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 82,26 % mot 82,17 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 4. kvartal er auka med 83 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 524,5 mill. kr (+8,8 %). Utlånsauken til privatkundar er 524,5 mill. kr (+10,8 %), medan det er ei flat utvikling i utlån til næringskundar på 0 mill. kr (0,0 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 4. kvartal 6.471 mill. kr (5.946 i 4. kvartal 2023).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.646 mill. kr mot 5.344 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2023. Av samla utlån er 1.091 mill. kr (19,3 %) utlån til næringsverksemd og 4.554 mill. kr (80,7 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 4. kvartal 825 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 15,3 % mot 12,4 % i 2023. Dette utgjør 12,8 % (10,1 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 4. kvartal utestående obligasjonsgjeld på 934 mill. kr mot 1.049 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2023. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 194 % og NSFR 136 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 23,72 % ved utgangen av 4. kvartal mot 22,68 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 801,3 mill. kr, mot 693,7 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 721,3 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 671,3 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 21,35 % (20,72 % i 4. kv. 2023) og ei rein kjernekapitaldekning på 19,87 % (19,09 % i 4. kv. 2023) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,7 % ved utgangen av 4. kvartal 2024 mot 10,0 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 22,49 % ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 20,11 % og 18,61 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,74 %.

FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 16,50 i utbytte pr. aksje for 2024, samanlikna med kr 14,10 for 2023. Utbyttet på kr 16,50 i år gjev eit utdelingsforhold av morbankresultatet sett mot årsresultatet på 42,2 %. Det gjev ei direkte avkastning på 5,3 % rekna mot børskurs 31.12.2024 på kr 310,00. Førreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingsforhold mellom 40 % – 50 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2025

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina og presidentskiftet i USA kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er framleis på eit høgt nivå, og kombinert med høgare renter enn for nokre år sidan har dette bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtydning at rekneskapen for 4. kvartal 2024 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.


Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00


Voss, 11. februar 2025


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål
Styreleiar


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Gunvall Medhus


Marita Østrem


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

Resultat - Konsern		4. kvartal isolert		4. kvartal	4. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	2024	2023	31.12.24	31.12.23	31.12.23
Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost		88.899	84.341	348.314	295.425	295.425
Rentekostnader og liknande kostnader		52.182	49.427	209.606	162.395	162.395
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		36.717	34.914	138.708	133.030	133.030
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		7.301	5.385	20.833	17.871	17.871
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.642	1.287	3.263	3.330	3.330
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		599	0	4.768	3.360	3.360
Netto verdiending og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	4.179	9.930	23.756	19.638	19.638
Andre driftsinntekter		2.012	942	6.933	5.104	5.104
Netto andre driftsinntekter		12.448	14.969	53.026	42.642	42.642
Løn og andre personalkostnader		10.513	8.665	35.578	31.175	31.175
Andre driftskostnader		9.872	6.765	34.830	37.579	37.579
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar		357	304	1.274	1.416	1.416
Sum driftskostnader		20.741	15.734	71.681	70.170	70.170
Resultat før tap		28.424	34.149	120.053	105.502	105.502
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	2.095	568	2.016	4.419	4.419
Resultat før skatt		26.329	33.580	118.036	101.084	101.084
Skattekostnad		4.313	7.154	27.251	23.430	23.430
Resultat av ordinær drift etter skatt		22.015	26.426	90.785	77.653	77.653
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Estimatendringar knytt til ytelsesbaserte pensjonsordningar						
Verdiending eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	751	7.133	-3.154	6.882	6.882
Skatt						
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		751	7.133	-3.154	6.882	6.882
Verdiending utlån til verkeleg verdi		44	59	44	59	59
Skatt		-11	-15	-11	-15	-15
Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet		33	44	33	44	44
Totalresultat		22.799	33.603	87.664	84.580	84.580
Resultat per aksje		9,38	11,44	38,91	33,04	33,04
Resultat etter skatt						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		20.682	25.264	85.749	72.814	72.814
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.152	1.153	4.568	4.516	4.516
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		180	9	468	322	322
Totalresultat						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		21.466	32.441	82.628	79.740	79.740
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.152	1.153	4.568	4.516	4.516
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		180	9	468	322	322

Resultat - Morbank	Note	4. kvartal isolert		4. kvartal	4. kvartal	Året
		2024	2023	31.12.24	31.12.23	31.12.23
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		88.905	84.347	348.335	295.469	295.469
Renteinntekter fra øvrige egenlutar		0	0	0	0	0
Rentekostnader og liknande kostnader		52.179	49.440	209.612	162.408	162.408
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		36.726	34.907	138.723	133.060	133.060
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		7.301	5.385	20.833	17.871	17.871
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.642	1.287	3.263	3.330	3.330
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		599	0	4.895	3.360	3.360
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	4.179	9.930	23.756	19.638	19.638
Andre driftsinntekter		36	27	36	29	29
Netto andre driftsinntekter		10.472	14.054	46.257	37.567	37.567
Løn og andre personalkostnader		9.805	8.254	33.056	29.289	29.289
Andre driftskostnader		9.111	6.291	31.764	35.316	35.316
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egenlutar		330	290	1.206	1.364	1.364
Sum driftskostnader		19.247	14.836	66.027	65.969	65.969
Resultat før tap		27.951	34.125	118.953	104.659	104.659
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	2.095	568	2.016	4.419	4.419
Resultat før skatt		25.856	33.557	116.936	100.239	100.239
Skattestodnad		4.209	7.149	26.979	23.245	23.245
Resultat av ordinær drift etter skatt		21.646	26.408	89.957	76.994	76.994
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	751	7.133	-3.154	6.882	6.882
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		751	7.133	-3.154	6.882	6.882
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		44	59	44	59	59
Skatt		-11	-15	-11	-15	-15
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		33	44	33	44	44
Totalresultat		22.430	33.585	86.836	83.921	83.921
Resultat per aksje		9,30	11,29	38,75	32,89	32,89

Balanse - Eigenlutar - Konsern

Tal i tusen kroner	Note	31.12.24	31.12.23	31.12.23
<i>Balanse - Eigenlutar - Konsern</i>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
Kontantar og kontantekvivalentar		81.045	77.931	77.931
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		164.030	265.139	265.139
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	4.135.450	3.921.806	3.921.806
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.481.912	1.396.678	1.396.678
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 7	605.222	585.183	585.183
Varige driftsmiddel		19.476	16.892	16.892
Andre eigenlutar		5.738	4.196	4.196
Sum eigenlutar		6.492.873	6.267.823	6.267.823

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Note	31.12.24	31.12.23	31.12.23
<i>Balanse - Gjeld og eigenkapital</i>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	0	0
Innskot frå kundar		4.643.799	4.390.434	4.390.434
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	934.110	1.049.368	1.049.368
Anna gjeld		28.716	21.905	21.905
Forpliktingar ved skatt		28.833	21.132	21.132
Andre avsetningar		414	324	324
Ansvarleg lånekapital	Note 8	80.603	60.142	60.142
Sum gjeld		5.716.475	5.543.304	5.543.304
Innskoten eigenkapital	Note 10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		667.435	615.879	615.879
Fondsobligasjonskapital		50.187	50.210	50.210
Resultat i perioden etter skatt		0	0	0
Ikkje kontrollerande eigarinteresser		761	415	415
Sum eigenkapital	Note 9	776.398	724.519	724.519
Sum gjeld og eigenkapital		6.492.873	6.267.823	6.267.823

Balanse - Eigenlutar - Morbank				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	31.12.24	31.12.23	31.12.23
Kontantar og kontantekvivalentar		81.045	77.931	77.931
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		164.030	265.139	265.139
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	4.135.450	3.922.134	3.922.134
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.481.912	1.396.350	1.396.350
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	605.222	585.183	585.183
Eigarinteresser i konsernselskap		153	153	153
Varige driftsmiddel		18.648	16.601	16.601
Andre eigenlutar		4.304	3.670	3.670
Sum eigenlutar		6.490.764	6.267.159	6.267.159
Balanse - Gjeld og eigenkapital				
<i>Tal i tusen kroner</i>		31.12.24	31.12.23	31.12.23
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	0	0
Innskot frå kundar		4.644.231	4.391.029	4.391.029
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	934.110	1.049.368	1.049.368
Anna gjeld		27.870	21.496	21.496
Forpliktingar ved skatt		28.540	20.977	20.977
Andre avsetningar		414	324	324
Ansvarleg lånekapital	Note 8	80.603	60.142	60.142
Sum gjeld		5.715.767	5.543.335	5.543.335
Innskoten eigenkapital	Note 10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		666.796	615.599	615.599
Fondsobligasjonskapital		50.187	50.210	50.210
Resultat i perioden etter skatt		0	0	0
Sum eigenkapital	Note 9	774.997	723.824	723.824
Sum gjeld og eigenkapital		6.490.764	6.267.159	6.267.159

Voss, 11. februar 2025


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål
Styreleiar


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Gunvall Medhus


Marita Østrem


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital	Ikkje-kontrollerende eigarinteresser	Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon				
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.476	415	724.519
Resultat etter skatt				4.568	-512	86.261	468	90.785
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-3.272			-3.272
Vinst sal egenkapitalinstrument					1.645	-1.645		0
Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat						118		118
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					44			44
Skatt på verdiendring utlån					-11			-11
Totalresultat 31.12.2024	0	0	0	4.568	-2.106	84.734	468	87.664
Utbetalt utbytte						-31.072		-31.195
Utbetalte renter hybridkapital				-4.591				-4.591
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	37.296	630.138	760	776.397

Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.876	93	693.698
Resultat etter skatt				4.516	-512	73.326	322	77.652
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469			6.469
Vinst sal egenkapitalinstrument						413		413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59			59
Skatt på verdiendring utlån					-15			-15
Totalresultat 31.12.2023	0	0	0	4.516	6.001	73.739	322	84.579
Utbetalt utbytte						-23.139		-23.139
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620				-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.476	415	724.519

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.198	723.824
Resultat etter skatt				4.569	1.133	84.256	89.957
Vinst sal egenkapitalinstrument						118	118
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-3.272		-3.272
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					44		44
Skatt på verdiendring utlån					-11		-11
Totalresultat 31.12.2024	0	0	0	4.569	-2.106	84.374	86.836
Utbetalte renter hybridkapital				-4.592			-4.592
Tilbakekjøp av fondsobligasjon							0
Utbetalt utbytte						-31.072	-31.072
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	37.296	629.500	774.997

Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.933	693.662
Resultat etter skatt				4.516	-512	72.990	76.994
Vinst sal egenkapitalinstrument						413	413
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469		6.469
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59		59
Skatt på verdiendring utlån					-15		-15
Totalresultat 31.12.2023	0	0	0	4.516	6.001	73.403	83.921
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620			-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
Utbetalt utbytte						-23.139	-23.139
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.198	723.824

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - KONSERN

<i>Tal i tusen kroner</i>	4. kvartal 2024	4. kvartal 2023
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Netto utbetaling av lån til kunder	-302.258	-260.782
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	338.428	285.013
Netto inn-/utbetaling av innskot fra kunder	253.202	316.198
Renteutbetalinger på innskot fra kunder	-144.949	-105.343
Netto inn-/utbetalinger av lån fra kredittinstitusjoner	11.405	11.005
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	0	0
Endring på sertifikat og obligasjoner	0	0
Netto provisjonsinnbetalinger	17.570	14.540
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	0	0
Utbetalinger til drift	-61.506	-70.234
Betalt skatt	-19.427	-16.893
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	92.463	173.505
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Netto investering i varige driftsmidler	-3.254	-1.304
Netto investering i langsiktige verdipapir	71	-10.098
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	4.895	3.360
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet	1.712	-8.042
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir		0
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	200.000	275.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-315.000	-217.000
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-57.647	-48.986
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner		0
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner		0
Renter på gjeld til kredittinstitusjoner		-24
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån		0
Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån	80.000	0
Utbetaling ved forfall ansvarlege lån	-60.000	0
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-3.859	-3.450
Innbetaling ved utferding av fondsobligasjonskapital		0
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital		-26.000
Renter på fondsobligasjon	-4.592	-4.620
Kjøp og sal av egne aksjer		0
Aksjeutbytte	-31.072	-23.139
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet	-192.170	-48.218
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-97.995	117.245
Likviditetsbeholdning 1.1	343.070	225.824
Likviditetsbeholdning 31.12	245.074	343.070
Likviditetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	81.045	77.931
Fordringer på kredittinstitusjoner	164.030	265.139
Likviditetsbeholdning	245.074	343.070

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eid 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Den vedvarande krigen i Ukraina og presidentskiftet i USA fører til framleis usikkerheit, og inflasjonen er framleis på eit høgt nivå. Noko som bremsar takt og tidspunkt for ein evt. rentenedgang. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt. Bankan med si fordeling 81 % PM og 19 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalstatusjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapan omfattar perioden 01.01.2024 - 31.12.2024. Kvartalsrekneskapan er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapan er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapan omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapan for 2023.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapan medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapan for 2023 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på dei berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2023 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kredittportefølja, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane. Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er uendra samanlikna med utgangen av fjoråret. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 2,1 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	6.411	1.173	1.173
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	10	0	0
Nedskrivningar i steg 3	-899	-520	-520
Netto misleghelde engasjement	5.522	653	653
Andre kredittforringa	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	29.367	26.761	26.761
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	27.097	26.705	26.705
Nedskrivningar i steg 3	-14.164	-13.537	-13.537
Netto andre kredittforringa engasjement	42.300	39.929	39.929

NOTE 4 - Fordeling utlån kundar

Utlån til kundar fordelt på sektorar og næring	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Primærnæringar	48.492	36.234	36.234
Industri og bergverk	35.730	38.004	38.004
Kraftforsyning	3.731	4.384	4.384
Bygg og anleggsverksemd	80.341	105.315	105.315
Varehandel	94.018	74.598	74.598
Transport	19.586	23.086	23.086
Overnattings- og serveringsverksemd	47.973	43.366	43.366
Informasjon og kommunikasjon	1	9.936	9.936
Omsetning og drift av fast eigedom	520.672	529.870	529.870
Tenesteytande verksemd	240.762	226.510	226.510
Sum næring	1.091.306	1.091.304	1.091.304
Personkundar	4.554.380	4.252.395	4.252.395
Brutto utlån	5.645.686	5.343.698	5.343.698
Steg 1 nedskrivningar	-4.535	-3.498	-3.498
Steg 2 nedskrivningar	-8.732	-7.659	-7.659
Steg 3 nedskrivningar	-15.058	-14.057	-14.057
Netto utlån til kundar	5.617.362	5.318.484	5.318.484
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	825.210	602.716	602.716
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	6.442.572	5.921.200	5.921.200

NOTE 5 - Nedskrivningar, tap, finansiell risiko - morbank

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttede kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningsstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttede trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonteringa.

31.12.2024	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar på utlån til kunder - personmarknaden				
Nedskrivningar pr. 01.01.2024	603	1.810	3.156	5.569
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	722	-722	0	0
Overføringer til steg 2	-19	19	0	0
Overføringer til steg 3	-1	-65	67	0
Netto endring	254	1.964	920	3.138
Endringar som fylgje av nye eller auka utlån	341	310	217	868
Utlån som er frårekna i perioden	-187	-516	-376	-1.078
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.12.2024	1.714	2.799	3.984	8.497

31.12.2024	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
Brutto utlån til kunder - personmarknaden				
Brutto utlån pr. 01.01.2024	3.868.788	355.689	27.918	4.252.395
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	168.264	-168.264	0	0
Overføringer til steg 2	-66.084	66.084	0	0
Overføringer til steg 3	-2.644	-5.633	8.277	0
Netto endring	-161.130	-4.565	-114	-165.809
Nye utlån utbetalt	1.669.946	63.921	7.701	1.741.567
Utlån som er frårekna i perioden	-1.157.432	-108.282	-8.059	-1.273.774
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.12.2024	4.319.709	198.950	35.722	4.554.380

31.12.2024	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden				
Nedskrivningar pr. 01.01.2024	2.895	5.849	10.901	19.645
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	742	-742	0	0
Overføringer til steg 2	-51	51	0	0
Overføringer til steg 3	-19	-2	21	0
Netto endring	-811	1.662	119	970
Endringar som fylgje av nye eller auka utlån	229	54	35	318
Utlån som er frårekna i perioden	-165	-938	-2	-1.105
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.12.2024	2.821	5.933	11.074	19.829

31.12.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	885.285	180.185	25.833	1.091.303
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	86.855	-86.855	0	0
Overføringer til steg 2	-52.104	52.104	0	0
Overføringer til steg 3	-16.745	15.564	1.180	0
Netto endring	-76.856	-6.346	-1.115	-84.317
Nye utlån utbetalt	233.089	9.634	442	243.165
Utlån som er frårekna i perioden	-116.981	-41.841	-23	-158.845
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.12.2024	942.543	122.446	26.317	1.091.306

31.12.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2024	163	161	0	324
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	136	-136	0	0
Overføringer til steg 2	-10	10	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-156	123	3	-29
Endringar som fylgje av nye eller auka unytta kredittar og garantiar	95	53	2	150
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-20	-10	0	-31
Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar pr. 31.12.2024	207	201	6	414

31.12.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2024	276.873	18.647	887	296.407
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	14.986	-14.986	0	0
Overføringer til steg 2	-13.312	13.312	0	0
Overføringer til steg 3	-93	-26	119	0
Netto endring	8.600	87	-213	8.473
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	91.997	6.977	53	99.027
Engasjement som er frårekna i perioden	-34.706	-1.302	0	-36.008
Brutto engasjement pr. 31.12.2024	344.346	22.707	846	367.899

Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar	31.12.2024	31.12.2023
Nedskrivningar ved starten av perioden	14.057	19.931
Auka nedskrivningar i perioden	757	2.020
Nye nedskrivningar i perioden	820	0
Tilbakeføring av nedskrivningar frå tidligare periodar	-376	-523
Konstaterte tap på lån som tidligare er nedskrivne	-200	-7.371
Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden	15.058	14.057

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2023
Endring i perioden i steg 3 på utlån	1.001	-5.874	-5.874
Endring i perioden i steg 3 på garantiar			
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	2.110	3.168	3.168
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er føreteke nedskrivningar i steg 3	199	7.329	7.329
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	0	0	0
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	-1.294	-204	-204
Tapskostnader i perioden	2.016	4.419	4.419

NOTE 6 - Segmentinformasjon - morbank

RESULTAT	4. kvartal		2024	Total
	PM	BM	Ufordelt	
Netto renteinntekter	134.806	57.175	-53.258	138.723
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			4.895	4.895
Netto provisjonsinntekter			17.570	17.570
Verdiendring verdipapir			23.756	23.756
Andre inntekter			36	36
Sum andre driftsinntekter	0	0	46.257	46.257
Løn og andre personalkostnader			33.056	33.056
Andre driftskostnader			31.764	31.764
Avskrivningar på driftsmidler			1.206	1.206
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	66.027	66.027
Tap på utlån	-77	2.093		2.016
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	134.883	57.175	-73.028	116.936
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringar på kundar	4.545.884	1.071.477		5.617.362
Innskot frå kundar	3.551.328	1.092.903		4.644.231

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, føreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

RESULTAT	4. kvartal		2023	Total
	PM	BM	Ufordelt	
Netto renteinntekter	121.725	57.387	-46.052	133.060
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.360	3.360
Netto provisjonsinntekter			14.540	14.540
Verdiendring verdipapir			19.638	19.638
Andre inntekter			29	29
Sum andre driftsinntekter	0	0	37.567	37.567
Løn og andre personalkostnader			29.289	29.289
Andre driftskostnader			35.316	35.316
Avskrivningar på driftsmidler			1.364	1.364
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	65.969	65.969
Tap på utlån	4.419			4.419
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	117.306	57.387	-74.455	100.239
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringar på kundar	4.246.826	1.071.658		5.318.484
Innskot frå kundar	3.362.158	1.028.871		4.391.029

	2023			
RESULTAT	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	121.725	57.387	-46.052	133.060
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.360	3.360
Netto provisjonsinntekter			14.540	14.540
Verdiendring verdipapir			19.638	19.638
Andre inntekter			29	29
Sum andre driftsinntekter	0	0	37.567	37.567
Løn og andre personalkostnader			29.289	29.289
Andre driftskostnader			35.316	35.316
Avskrivningar på driftsmidler			1.364	1.364
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	65.969	65.969
Tap på utlån	4.419			4.419
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	117.306	57.387	-74.454	100.239
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringar på kundar	4.246.826	1.071.658		5.318.484
Innskot frå kundar	3.362.158	1.028.871		4.391.029

NOTE 7 - Verdipapir - konsern

31.12.2024				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultat		489.860		489.860
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			115.362	115.362
Sum	-	489.860	115.362	605.222
31.12.2023				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		466.596		466.596
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			118.586	118.586
Sum	-	466.596	118.586	585.182

Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

Nivå 1: Verdsetjing er fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

Nivå 2: Verdsetjing er utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3: Vurderingar som baserer seg på observerbare marknadsdata. Verdsetjinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av egenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdivurdering av dei einskilde selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Denne verdivurderinga vert vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetjingskurs, og der det er teke omsyn til banken sine egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen. Til saman utgjør desse aksjane 83,8 mill. kroner av totalt 115,4 mill. kroner i nivå 3.

SPESIFIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Renteportefølje	31.12.2024	31.12.2023
Fondsandelar		
DNB Euro. Cov. Bonds	64.466	61.386
DNB OMF	202.896	192.014
DNB Global Treasury	169.930	162.174
DNB Obligasjon 20 E	52.568	51.023
Sum renteportefølje	489.860	466.596

Aksjeportefølje	31.12.2024		31.12.2023	
Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
Eika Gruppen	159.108	47.573	159.108	48.687
Eksportfinans	1.050	16.761	1.050	20.013
Eika BoligKreditt	8.069.085	36.200	8.069.085	34.475
Kveik AS	5	5	5	5
Hardanger og Voss Næringshage AS	50.886	250	50.886	250
Vossaløysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VNH1		162		262
VN Norge		614		997
Eiendomskreditt	8.212	1.213	8.212	1.314
Eika VBB AS	2.502	12.579	2.502	12.579
Sum aksjeportefølje		115.362		118.586

NOTE 8 - Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.12.2024	Bokført verdi 31.12.2023	31.12.2023	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010853369	29.05.2019	18.03.2024	140.000	0	140.271	140.271	3 mnd. NIBOR + 0,70 %
NO0010873185	16.01.2020	16.01.2025	150.000	151.702	151.679	151.679	3 mnd. NIBOR + 0,69 %
NO0011027005	15.06.2021	15.09.2025	180.000	180.372	180.364	180.364	3 mnd. NIBOR + 0,54 %
NO0012495946	20.04.2022	30.08.2024	130.000	0	175.698	175.698	3 mnd. NIBOR + 0,57 %
NO0012785155	16.12.2022	16.12.2026	200.000	200.484	200.417	200.417	3 mnd. NIBOR + 1,25 %
NO0012935446	08.06.2023	08.03.2027	200.000	200.855	200.939	200.939	3 mnd. NIBOR + 1,26 %
NO0013116335	08.01.2024	08.03.2028	100.000	100.261	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,99 %
NO0013251165	31.05.2024	31.08.2029	100.000	100.436	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,90 %
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				934.110	1.049.368	1.049.368	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.12.2024	Bokført verdi 31.12.2023	31.12.2023	Rente- vilkår
Ansvarleg lånekapital							
NO0010871395	10.04.2019	18.12.2029	60.000	0	60.142	60.142	3 mnd. NIBOR + 1,80 %
NO0013405118	21.11.2024	21.05.2030	80.000	80.603	0	0	3 mnd. NIBOR + 2,08 %
Sum ansvarleg lånekapital				80.603	60.142	60.142	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2023	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.12.2024
Obligasjonsgjeld	1.049.368	200.000	-315.000	-258	934.110
Sum gjeld stiftet ved utferding av verdipapir	1.049.368	200.000	-315.000	-258	934.110
Ansvarlege lån	60.142	80.000	-60.000	461	80.603
Sum ansvarlege lån og fondsobligasjonar	60.142	80.000	-60.000	461	80.603

NOTE 9 - Kapitaldekning - morbank

Kapitaldekning	4. kvartal	4. kvartal	Året
Morbank	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2023
Opptent egenkapital	629.687	576.408	576.408
Overkursfond	46.995	46.995	46.995
Innbetalt aksjekapital	11.019	11.019	11.019
Fond for urealiserte vinstar	37.296	39.402	39.402
Sum egenkapital	724.997	673.824	673.824
Avsett utbytte	-36.361	-31.072	-31.072
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-4.741	-4.507	-4.507
Frådrag i rein kjernekapital	-12.605	-54.502	-54.502
Rein kjernekapital	671.290	583.742	583.742
Fondsobligasjonar	50.000	50.000	50.000
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	721.290	633.742	633.742
Ansvarleg lånekapital	80.000	60.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	80.000	60.000	60.000
Netto ansvarleg kapital	801.290	693.742	693.742
	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2023
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	0	0	0
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	821	170	170
Føretak	113.265	121.231	121.231
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	2.551.991	2.331.840	2.331.840
Forfalne engasjement	73.729	44.757	44.757
Høgrisiko engasjement	69.190	60.686	60.686
Obligasjonar med fortrinnsrett	7.380	0	0
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	32.806	53.028	53.028
Andelar verdipapirfond	53.791	59.454	59.454
Eigenkapitalposisjonar	103.166	64.467	64.467
Øvrige engasjement	69.827	69.215	69.215
CVA-tillegg	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	3.075.966	2.804.847	2.804.847
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	302.031	253.409	253.409
Berekningsgrunnlag	3.377.997	3.058.256	3.058.256
Kapitaldekning i %	23,72 %	22,68 %	22,68 %
Kjernekapitaldekning	21,35 %	20,72 %	20,72 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,87 %	19,09 %	19,09 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,61 % i Eika Gruppen AS og på 0,59 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2023
Rein kjernekapital	668.428	617.732	617.732
Kjernekapital	722.430	671.592	671.592
Ansvarleg kapital	807.821	736.792	736.792
Berekningsgrunnlag	3.592.330	3.301.138	3.301.138
Kapitaldekning i %	22,49 %	22,32 %	22,32 %
Kjernekapitaldekning	20,11 %	20,34 %	20,34 %
Rein kjernekapitaldekning i %	18,61 %	18,71 %	18,71 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	9,74 %	9,50 %	9,50 %

I henhold til ny avtale om kjøp av OMF mellom banken og Eika Boligkreditt AS, har banken påtatt seg en likviditetsforpliktelse overfor Eika Boligkreditt AS. Per 31.12.2024 er denne forpliktelsen på inntil 147,6 MNOK. I morbanken si kapitaldekning har bankens netto likviditetsforpliktelse 50 % konverteringsfaktor som igjen vektes som OMF med 10 % risikovekt. I morbankens beregningsgrunnlag for kapitaldekning inngår dermed forpliktelsen med 7,4 MNOK. Likviditetsforpliktelsen elimineres i konsolidert kapitaldekning i og med at den dekkes av bankens konsoliderte pilar 2-krav.

NOTE 10 - Aksjar

Dei 20 største aksjonærane:

31.12.2024		Behaldning	Eigarandel
Namn			
VOSS SPAREBANK		222.050	10,00 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS		100.101	4,51 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS		57.399	2,58 %
MP PENSJON PK		57.181	2,58 %
WERGELAND HOLDING AS		37.823	1,70 %
FJORDSYN AS		37.000	1,67 %
BJØRKEHAGEN AS		36.000	1,62 %
METT & GO AS		33.300	1,50 %
PROFOND AS		32.863	1,48 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS		24.110	1,09 %
HAAKEN FOSSEN		22.222	1,00 %
HAKATAI AS		20.855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS		20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS		19.994	0,90 %
ANDERS VAKSDAL		19.000	0,86 %
KAVI AS		17.773	0,80 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA		16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS		15.040	0,68 %
LIMONE AS		13.487	0,61 %
INGUNN RIO		12.580	0,57 %
Sum 20 største		815.574	36,75 %
Øvrige aksjonærar		1.404.938	63,25 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)		2.220.512	100,00 %

Antal aksjar:

2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 4. kvartal:

328,78

Børskurs ved utgangen av 4. kvartal:

310,00

31.12.2023

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.399	2,58 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	55.101	2,48 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	34.589	1,54 %
METT & GO AS	33.300	1,50 %
PROFOND AS	32.667	1,47 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
HAAKEN FOSSEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
AMBERS VAKSDAL	18.000	0,81 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	14.727	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,57 %
Sum 20 største	827.434	37,26 %
Øvrige aksjonærer	1.393.078	62,74 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	2.220.512	100,00 %

Antal aksjar: 2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 4. kvartal: 305,58
Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: 242,00

NOTE 11 - Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje førekome hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller notar til rekneskapen.

NYKKELTAL - MORBANK

	4. kvartal	4. kvartal	Året
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2024	2023	2023
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	42,24 %	44,55 %	44,55 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	11,26 %	9,84 %	9,84 %
Innskotsmargin hittil i år	1,50 %	1,65 %	1,65 %
Utlånsmargin hittil i år	1,39 %	1,31 %	1,31 %
Netto rentemargin hittil i år	2,18 %	2,20 %	2,20 %
Eigenkapitalavkastning ¹ (konsern)	12,25 %	11,33 %	11,33 %
¹ Basert på totalresultat, eigenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	19,33 %	20,42 %	20,42 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	15,34 %	12,41 %	12,41 %
Innskotsdekning	82,26 %	82,17 %	82,17 %
Innskotsvekst (12mnd)	5,77 %	7,76 %	7,76 %
Utlånsvekst (12 mnd)	5,65 %	4,97 %	4,97 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	8,82 %	5,57 %	5,57 %
Gjennomsnittleg rådveldeskapital (GFK)	6.347.352	6.070.428	6.070.428
Gjennomsnittlig rådveldeskapital (GFK) inkl. EBK	7.018.703	6.662.748	6.662.748
Nedskrivningar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,04 %	0,09 %	0,09 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,50 %	0,47 %	0,47 %
<i>Nykkeltall er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>			
Soliditet¹			
Rein kjernekapitaldekning	18,61 %	18,71 %	18,71 %
Kjernekapitaldekning	20,11 %	20,34 %	20,34 %
Kapitaldekning	22,49 %	22,32 %	22,32 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,74 %	9,50 %	9,50 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	194	642	642
NSFR	136	138	138